

Referat frå styremøte på Teams onsdag 06/03 2024 kl. 20.00-22.45

Desse møtte: Frode Rudland, Kjell Gudmund Svien, Jonny Mathisen, Svanhild G. Holden, Helge Nordlien, Kristin M. Kongelf og Pål Kjørstad. **Forfall:** Even Sjurrud

Sak 27/2024: Referatsaker

- Referat frå styremøte 23/02 2024 m/gamalt styre og 25/02 2024 m/nytt styre på Gjøvik, send ut i mail 02/03 2024
- Årsmøte og seminar på Gjøvik 23/02 og 25/02 2024 på Gjøvik
- Årsmøte Hadeland Sau og Geit 28/02 2024 Frode møtte. Hadeland Sau og Geit vil framleis vera medlem i Oppland Sau og Geit
- Møte om elektronisk beitestyring i Gudbrandsdalen 29/02 2024 på Vinstra, Pål møtte
- Årsmøte Oppland Bonde og Småbrukarlag 02/03 2024, Frode møtte.
- Ny dagleg leiar i NSG vart presentert 04/03 2024 – Borghild Hillestad
- Møte 04/03 2024, Tiltaksplanmøte for villrein, Irene møtte og fortalte at freda rovvilt som jerv og kongeørn òg var ein årsak til lågt kalvetal og dårleg kondisjon hos reinen
- Møte 04/03 2024, Evalueringsmøte beite Midt-Gudbrandsdalen, Pål møtte m/foredrag
- Møte 05/03 2024, Grovfôralliansen, Frode møtte. Frode skuffa over baa faglag som møtte, da jordbruksavtala for småfe og spesielt sau ikkje vart teke opp eller vart nemnt som om at dei hadde fått nok før. NSG sine representantar opptreidd nokså passivt på møtet, da storfe/ammeku-produksjon fekk mest omtale

Vedtak i saka:

- Referatet frå styremøta 23/02 og 25/02 vart godkjent med endringar som kom fram i styremøtet:
- 1. Sak 19/2024: Møte på Teams 15/02 for sentralt tillitsvalde i NSG og Norges Bondelag, Ola, Jonny og Svanhild møtte (spørsmålsteikn sløyfa)
- 2. Sak 26/2024: Vedtaket vart utvida med: Irene tok på seg å vera gjetarhundkontakt
- Anna informasjon vart teke til orientering

Sak 28/2024: Arbeidsplan, organisering og fadderordning

- Fadder m/lokallag, arbeidsåret 2024/25:
 - Frode Rudland: Vestre Toten, Østre Toten og Toten III
 - Kjell Gudmund Svien: Hadeland, Nordre Land, Kolbu og Slidre
 - Jonny Mathisen: Lesja, Ringeby, Fåvang og Sør-Fron
 - Svanhild Holden: Vang, Nord-Aurdal og Sør-Aurdal
 - Irene Amundgård: Skjåk, Lom, Sel, Heidal, Vågå og Dovre
 - Helge Nordlien: Øyer-Tretten, Snertingdal og Biri
 - Kristin: Søndre Land, Fåberg og Gausdal og Etnedal
 - Even Sjurrud: Nord-Fron, Vardal

Arbeidsoppgåver i styre - Fordeling hovudoppgåver

Frode Rudland: Hovudansvarleg, sakliste styremøte, ansvarleg for at OSG møter opp
Kjell Gudmund Svien: Gjetarhund, inkl. samarbeid/oppfølging OGL, medlemsfordelar
Jonny Mathisen: Rovdyr, Oppland Radiobjøllelag
Svanhild Holden: Mjølkegeit, ammegeit, Facebooksida OSG

Irene Amundgård: Utmark, beitelag

Helge Nordlien: Saueavl, andre raser, info til og frå styret i Ring 41

Kristin: Lokallagsdrift m/årshjul, liste over aktuelle arrangement/foredragshaldarar

Even Sjurrud: Rekruttering/medlemsoppdatering

Gjennomføre styremøte etter oppsett plan med saker frå/om Ring 41, ORL, geit og OGL		
Planlegge kontaktmøte/regionmøter i 2023/24 og seminar/årsmøte i februar 2024		
Møtekalender 2024/25:		
Dato/Dato frå og til	Møte/arrangement og stad	Deltakarar frå styret/styret
02/01 2024	Teamsmøte m/NSG og utv. fylkeslag	Knut møtte
09/01 2024	Møte m/Nortura på Rudshøgda	Jonny og Pål
10/01 2024	Styremøte OSG i Ringebru m/valkomiteen	Styret i OSG/valkomiteen
12/01 2024	Møte i elektronisk styring av beitedyr	Pål
15/01 2024	Møte i valkomiteen på Teams	Pål, Valkomiteen
17/01 2024	Landbruksråd Innlandet på Honne	Frode
17.-18/01 2024	Seminar «Kampen om utmarka»	Anne og Pål
19/01 2024	Møte på Teams i elektronisk styring av beitedyr	Pål
24/01 2024	Teamsmøte m/sentralt tillitsvalde	Styret i OSG
25/01 2024	Teamsmøte m/HSG om seminaret	Knut og Pål
02/02 2024	Møte m/faglaga i Innlandet/Oppland	Knut og Jonny
04/02 2024	Styremøte på Teams	Styret i OSG
05/02 2024	Informasjonsmøte beiteprosjekt Innlandet m/Morten Tofastrud	Knut, Jonny og Pål
06/02 2024	Møte på Teams m/AgriAnalyse	Pål
09/02 2024	Møte på instruktørkurs - Norske Kadaverhunder m/foredrag på Vinstra	Pål
13/02 2024	Møte på Teams i beiteprosjekt Innlandet m/Gjerdseter/Vallen beitelag	Pål
15/02 2024	Møte på Teams for sentrale tillitsvalde i NSG m/Norges Bondelag	Ola, Jonny og Svanhild
16/02 2024	Møte på Teams i elektronisk styring av beitedyr	Pål
23/02 2024	Styremøte før årsmøtet, med innspel til jordbruksforhandlingane	Styret i OSG
23-25/02 2024	Årsmøte og seminar, Gjøvik	Alle
23/02 2024	Møte m/Telespor	Jonny og Pål
28/02 2024	Årsmøte Hadeland Sau og Geit	Frode
29/02 2024	Møte med Nord-Fron Landbrukskontor Elektronisk beitestyring Gudbrandsdalen	Pål møtte
02/03 2024	Felleskonferanse/årsmøte OBS	Frode møtte
04/03 2024	Evalueringsmøte beitebruk Midt- Gudbrandsdalen, Sør-Fron, foredrag	Pål møtte
04/03 2024	Tiltaksmøte for villreinstamma	Irene møtte
05/03 2024	Grovfôralliansen, Hamar	Frode møter

06/03 2024	Styremøte OSG på Teams	Styret i OSG
08/03 2024	Elektronisk beitestyring Gudbrandsdalen på Teams	Pål møter
13-14/03 2024	Årsmøte NSG, Gardermoen	Frode, Kjell Gudmund, Jonny og Svanhild møter
13-14/03 2024	Årsmøte Innlandet Bondelag, Hamar	Helge eller Irene møter
Ikkje bestemt dato	Evalueringsmøte NM Ringebu	Jonny og Pål møter
18/03 2024	Styremøte, Kvittfjelltunet kl.11.00	Styret i OSG
04/04 2024	Fjellbeiteprosjektet, Heggenes	Kjell G. møter
April	Styremøte på Teams	Styret i OSG
Juni	Styremøte, fysisk	Styret i OSG
Sommer	Styremøte på Teams	Styret i OSG
August	Styremøte, fysisk	Styret i OSG
Oktober	Styremøte på Teams	Styret i OSG
November	Leiarmøte kombinert m/75- årsjubileum, Gjøvik	Styret i OSG, lokallagsleiarar, tidlegare fylkesleiarar
Desember	Styremøte, fysisk	Styret i OSG

- Evalueringsmøte NM- Ringebu, v/Jonny og Pål, ansvar Jonny
- Fellesmøte m/Møre og Romsdal Sau og Geit v/Frode, ansvar Frode, kan kombinerast m/styretur
- Presentasjon av nytt styre på Facebook, ansvar Svanhild
- Styret i OSG må rettast opp, styremedlemmer sender fødsel og personnummer til Pål
- Psykisk helse, lokalt, årsmøteforedrag, bruka mentor i produksjonen

Vedtak:

- Fadderordninga m/fordeling av lokallag mellom alle i styret vert godkjent
- Arbeidsoppgåver innan styret vart godkjent med dei endringane som kom fram i møtet
- Styret i OSG arbeidar med sakene som er planlagt, spelt inn og som skal takast opp
- Kvar fadder tek kontakt med sine lokallag i forhold til medlems situasjonen og aktivitetar. I denne saka arbeidar Kristin ut ein instruks for ordninga
- Årsmelding OSG er under arbeid
- Det skal skrivast eit brev til KLD og LMD m/kopi til rovvilt nemnda i sone 3 og sentrale politikarar, der rovviltsituasjonen i gamle Oppland vert dokumentert, ansvar Jonny utsett frist til at rovvilt nemnda har konstituert seg den 08/02 2024 og til dei er klar til å delta på møte med OSG og faglaga
- Pål skal ordna ei tekst til medlemsfordelar i NSG jmf. vedtak i sak 3/2024
- Brev til avlsrådet i NSG eller kanskje via Ring 41 om kvalitetar på verar i semin-katalogen er ikkje sendt enda, ansvar Pål frist 01/04 2024
- I brevet til avlsrådet vil styret i OSG også legge til spørsmål om avlen tar vare på dyr med god tilvekst på utmarksbeite/inngjerda utmarksbeite, eller med andre ord ikkje tek med opplysningar frå dyr, som får tilleggsføring
- Andre møter/aktivitetar m/ansvarsfordeling og tidfesting i følge vedtak på møtet
- Svar Ole-Petter Berget er svara ut av Jonny 03/03 2024

Sak 29/2024: Utval rekruttering av ny sekretær/administrasjon

- Medlemmar: Jonny Mathisen, Kjell Gudmund Svien og Knut Evensen

- Gruppa legg fram nyheiter, plan og idear i gruppa for styret i OSG m/forslag til eigenskapar og prioriterte arbeidsoppgåver til ny dagleg leiar/sekretær
- Angående sekretær/administrasjon/radiobjøllelaget, så er Pål villig til å vera backup for ny administrasjon i heile 2025 for å hjelpe til dersom utfordringar dukkar opp

Vedtak:

- Prøver å få tilsett ein/ei i haust der samla stillingsstorleik i utgangspunktet er 50%
- 2 interesserte har meldt seg, men styret må lyse ut stillinga. Teksta i stillingsutlysinga lyt vera ein grovmaska versjon, som kan vedtakast på styremøte i april eller på mail
- Det lyt avklarast m/styret i Ring 41 m.o.t. kasserar Ring 41/administrasjon i OSG
- Innstilling til person vil koma styret i OSG i hende tidlegast i juni-møtet
- Styret tek ansvar for ulike fag bolkar i årsmeldinga i samsvar med oppgåva dei har fått i styret

Sak 30/2024: Evaluering årsmøte OSG 2024 og stad årsmøte 2025

- Evaluering av årsmøte OSG
- Tendens til større del passive medlemmar
- Deltaking, mål fleire utsendingar og fleire seminardeltakarar
- Påmelding: direkte til hotellet arbeidssparande her– kvalitet/kapasitet på hotellet
- Tidspunkt: 1. februar (årsmøtefrist lokallaga). Hotellets absolutte siste frist
- Lokallaga, mange flinke – stor avstand mellom kvalitet
- Beste lokallaga stiller også med flest seminardeltakarar/radiobjølleleigetakar
- NSG, mykje endringar, tek ei stund å få alt på plass
- Årsmøte OSG, mål om å vera ferdig til lunch
- I år lunch 12.30, litt hektisk på slutten, tidlegare start/litt tid etter lunch, kanskje årsmøte skal gli inn i generaldebatten fleksibelt
- Generaldebatten – tida var i år nokså bra opp mot innhaldet
- Noko seminarprogram laurdag trengs for å lokka reine seminardeltakarar
- Quality Strand Hotel på Gjøvik har alt sendt utkast til avtale for 2025
- Frokostbord/meny: fråverande produkt/festmiddag lam/

Vedtak:

- Styret i OSG godkjente evalueringa med endringar som kom fram på møtet
- Styret vedtok at årsmøtehelga for neste år 21/02-23/02 2025 vert halde på Quality Strand Hotel på Gjøvik og Pål aksepterer tilbodet

Sak 31/2024: Årsmøte NSG

- Sakliste årsmøtet:
 1. Åpning
 2. Opprop
 3. Godkjenning av innkalling, sakliste og forretningsorden for møtet
 4. Valg av to utsendinger til å skrive under møteprotokollen sammen med ordføreren
 5. Valg av fullmaktskomité
 6. Lederens tale
 7. Årsmelding 2023
 8. Regnskap 2023
 9. Melding fra Kontrollutvalget
 10. Budsjett 2024

11. Medlemskontingent 2025
12. Valg – Innstilling fra Valgnemnda
 - a) Leder
 - b) 3 styremedlemmer for 2 år
 - c) Vararepresentanter til styret i nummerrekkefølge
 - d) Nestleder
 - e) Ordfører med varaordfører i Representantskapet
 - f) Tre geiteholdere til Representantskapet
 - g) Tre varamedlemmer for geiteholdere i Representantskapet i nummerrekkefølge
 - h) 1 gjeterhund-representant til Representantskapet
 - i) 1 varamedlem for gjeterhund-representant i Representantskapet
 - j) Valgnemnd (representanter med vararepresentanter fra regionene sør, vest og midt) etter forslag fra fylkene i regionen
 - k) Leder og nestleder for Valgnemnda
 - l) Revisor
13. Valg av Kontrollutvalg m/vara
14. Innkomne saker til Årsmøtet
15. Revisjon av NSGs lagslover
16. Jordbruksforhandlingene 2024
17. Fagprogram
18. Orienteringssaker
19. Uttalelse(-r) fra Årsmøtet
20. Avslutning
 - Kontingenten, jmf. årsmøtevedtak i OSG
 - Valkomiteemedlem frå region øst skal veljast inn. OSG må spela inn kandidat
 - Medlemskontingent, utsendingane bestemmer seg for taktikk m/fordeling
 - Seminstasjon, tidfeste/lokalisera stasjon/kontor

Vedtak:

- Årsmøteutsendingane vil ta stilling korleis dei gjer det fram til møtet og set inn tiltak i møtet ut frå det som kjem fram etterkvart
- Medlemskontingenten er i utgangspunktet nå indeksregulert, og spørsmålet er eigentleg om det i utgangspunktet er sett ein for låg sats til å gjera ynskja innsats. Uavhengig av dette kan fordelinga i kontingenten mellom NSG sentralt, fylkeslag og lokallag endrast ut frå at årsmøtet i OSG vedtok å prøve å få større kontingentsats inn til lokallag og fylkeslag
- Det vert teke kontakt m/andre fylkeslag i region øst for å avtala person m/vara i valkomiteen i NSG
- I saka ny eller leige av eksisterande avlsstasjon og lokalisering av NSG sitt kontor har utsendingane formeining om dette og vil støtta/motsetja seg forslaga som kjem fram

Sak 32/2024: Radiobjøllelaget

- Søknad om FKT-midlar til rovviltnemnda i region 3 er sendt 13/02 2024. Dette må arbeidast vidare med Rovviltnemnda fram møt møte i nemnda 14/05 2024
- Søknad om tilskot til tiltak i beiteområde til kommunane under arbeid. Det er sendt 4 søknader angående prosjekt «Elektronisk beitestyring i Gudbrandsdalen» om kr. 50.000 frå kvar kommune.

- Motteke og betalt for 196 stk. Nofence storfe, og sendt utbetalings-anmodningar på til saman kr. 183.460,- til 6 ulike tilskot

Vedtak:

- Styret tok informasjonen til orientering

Sak 33/2024: Rovdyrsaker

- Ynglingar jerv er under dokumentasjon. Det er teke ut 4 tisper og 2 hanner, som er viktige for Oppland
- Gaupe: Det står att 4 dyr/1 hodyr på kvota
- Møte m/Rovviltnemnda, informere nye medlemmer i nemnda
- Konkrete saker til nemnda: skadefelling på jerv vinterstid og FKT-tilskotet til Oppland Radiobjøllelag må vedtakast på minst det same beløpet som i fjor, og helst større. Det er søkt om kr. 2.000.000 i for fekk vi kr. 850.000
- I skadefellingsprosjektet på jerv har Odd Steinar Granheim slutta
- Rovviltkontaktar i kvart fylkeslag i NSG, manglar Aust-Agder og Troms
- Andre saker

Vedtak:

- Styret tok informasjonen til orientering og bad Jonny arbeida vidare med sakene

Sak 34/2024: Utmarksaker

- Møte 04/03, ny tiltaksplan retta mot villrein, merking av rein - Telespor, lite nemnt at rovvilt er eit problem for reinen. Fakta: For få kalvar/dårleg kondisjon på rein. Ingen tvil om at rovvilt, som jerv og ørn har ansvaret for noko av dette. Kan få forbod mot utsetting av saltstein og få ei utfordring med tilsynet av husdyr
- Generelt: Gjerdehaldet forfell, blir rive ned, dårleg vedlikehald
- Jordskifterettsak mellom beitebrukar m/Nofence, som ikkje gjerder inn eigedommen sin og utmarksbeitebrukarar m/beiterett utan beitedyr m/Nofence, er det mogleg?
- Generelt er det ofte saker om hyttebygging, hundeskader og beiterett i forhold til beitebruk
- Konkret: Rettssak Mysusæter, der hund hadde bite fleire sauer, Dette var ei opplagt sak m/konkrete bevis, deriblant DNA-bevis. Men saka har førebels gått litt bae vegar ved at det er tvil om skyldspørsmålet og erstatninga vart halvert. Saka er ikkje rettskraftig enda. I tillegg er det/truga m/rettssaker om beiterett i hyttefelt i Øyer og Nord-Fron

Vedtak:

- Styret tok informasjonen til orientering og bad Irene og Jonny arbeida vidare med sakene

Sak 35/2024: Geitesaker

- Årsmøte i produsentlaget i Tine. Her vart det snakka om behov for geitemøter i Valdres/Nord-Gudbrandsdalen.
- Svanhild tok geitesaka/rekruttering under generaldebatten i årsmøtet i OSG. Frode meinte at dette kunne takast oppatt under generaldebatten i NSG

Vedtak:

- Styret tok informasjonen til orientering og bad Svanhild arbeida vidare med sakene

Sak 36/2024: Gjetarhundsaker

- Kjell Gudmund var på årsmøte i OGL den 20/02 2024
- Sverre Tarud vart vald til ny leiar og bes inn på neste fysiske styremøte i OSG
- Styremøte i OGL vert halde i dag 06/03 2024
- Uro i miljøet, organisasjonsforma m/omgang på leiar i OGL basert på leiarar i lokallaga i OGL har ikkje fungert
- Beredskapsplan som syner gjetarhundekvipasjar i regionane må oppdaterast
- Irene nemnte som døme at det er foreslått 2 nye kandidatar til instruktørutdanning. OGL har alt 5 instruktørar som er under utdanning. Det er eit ønskje frå gjetarhundmiljøet at dei 5 instruktørane som er påbegynt vert ferdig stilte

Vedtak:

- Styret tok informasjonen til orientering og bad Kjell Gudmund arbeida vidare med sakene. Irene som har best innblikk i desse sakene i styret i OSG, bes om å informera styret i OSG om saker som er verdt å nemna
- Styret i OSG er hovudansvarleg for OGL inn mot NSG, men kan ikkje styra OGL i detaljsaker dersom ikkje dette vert etterspurt frå OGL eller at styret i OSG ser det naudsynt å gjera


Sak 37/2024: Saker sauavl


- Nytt styre i Ring 41: Peder Leirdal, leiar, Ola Hareland, nestleiar, Helge Nordlien, styremedlem og Marthe Ragnhild Dalseg, styremedlem, spæl
- Nye ting på gang m/registrerings-besetningar m/registrering av mastitt på sau

Vedtak:

- Styret tok informasjonen til orientering og bad Helge arbeida vidare med avlssaker

Sak 38/2024: Årshjul lokallag





Styret i lokallag m/ansvarsområder, merknad rollene fordeles selvsagt ut fra interessene og kunnskapen til styremedlemmene. Lokallaga kan ha fra 3 til 5 i styret.

<p>Leder</p> <p>Hovedansvarlig - kontakt m/OSG</p> <p>Ansvarlig for nødvendige innleveringer/påmeldinger</p> <p>Ansvarlig og følger opp sosiale treff og fagmøter</p> <p>Radiobjøllekontakt</p>	<p>Nestleder</p> <p>Ansvarlig for beitelbruk/beitelaget/laga i lokalagsområdet</p> <p>Følger opp areal- og reguleringsplaner</p> <p>Grendekontakt</p>	<p>Sekretær</p> <p>Ansvarlig for møte- og årsmøtereferat</p> <p>Kaller inn til møter og syter for at 1. vara er informert eller møter</p> <p>Grendekontakt</p>
<p>Kasserer</p> <p>Ansvarlig for regnskap</p> <p>Kontaktperson til lokal værring/kåringsarrangement og til medlemmer i laget m/geit</p> <p>Grendekontakt</p>	<p>Styremedlem</p> <p>Gjeterhundansvarlig</p> <p>Oppretter SMS-gruppe-er</p> <p>Hjelper m/ å følge opp treff og møter</p> <p>Grendekontakt</p>	<p>1. vara</p> <p>Grendekontakt</p>

Detaljer aktiviteter for lokallaga fordelt på måneder: Faste aktiviteter i tillegg: Styremøter, sosiale treff, gjeterhund-treninger/, fagmøter/kurs, messenger/SMS-grupper

<p>Januar</p> <p>Årsmøte, årsmelding, regnskap Rapportering MINSIDE/OSG Påmelding årsmøte/seminar OSG Innspill jordbruksforhandlinger OSG Innspill saker til årsmøte OSG Eks. tema fagmøte: jordbruksavtala</p>	<p>Februar</p> <p>Dugnad fostertelling Fjøsmøter m/aktuelle tema Rapportering/søknad ORL Årsmøte og seminar OSG Årsmøter lokallag i OGL og i OGL Eks. tema fagmøte: binger/føring/hold</p>	<p>Mars</p> <p>Fjøsmøter m/aktuelle tema Beitelagsmøter, lokalt, regionalt Årsmøte faglaga Årsmøte i NSG Dugnad klipping/klauvskjering Eks. tema fagmøte: vaksinerings/snylterb.</p>
<p>April</p> <p>Årsmøte i Beitelaget Lage tilsynslistor/beredskapslistor Eks. tema fagmøte: SNO. Norske kadaverhunder Kjøpe kopplamfôr sammen Lamming, hjelpe andre</p>	<p>Mai</p> <p>Lamming, hjelpe andre, oppmuntre yrkesbrøyr Radiobjølle - info og forberedning Dugnad snylterbehandling Sosiale treff: lammekaffe</p>	<p>Juni</p> <p>Dugnad beiteslipp, sortering, veging Varsle til OSG på rovviltstida Varsle beitelaget om uvanlige hendelser Eks. tema fagmøte: beite- og grasproduksjonsrelatert</p>
<p>Juli</p> <p>Dugnad tilsyn, minst 2-3 samla Sosiale treff: grilling, kaketreff Varsle til OSG om info på rovviltstida Varsle beitelaget om uvanlige hendelser Eks. tema fagmøte: gjeterhund</p>	<p>August</p> <p>Dugnad tilsyn, minst 2-3 samla Sosiale treff: grilling, seterbesøk Varsle til OSG om info på rovviltstida Varsle beitelaget om uvanlige hendelser Eks. tema fagmøte: fagtur, yrkeskollegaer i nabolaga/andre lag</p>	<p>September</p> <p>Dugnad sanking/ettersanking m/sosiale treff - sankefest Dugnad veging, sortering Varsle til OSG om info på rovviltstida Varsle beitelaget om uvanlige hendelser Eks. tema fagmøte/sosiale treff gjeterhundprøver, NM i ull og klipp</p>
<p>Oktober</p> <p>Fjøsmøte uttak av påsettlam Dugnad ettersanking Kåring m/sosialt samvær Uttak/innkjøp av værer Eks. tema fagmøte: avl/tur til Staur Hjelp til å søke om rovvilterstatning</p>	<p>November</p> <p>Dugnad klipping Hjelp til ekstra ettersanking hos andre Paring, fraktning av værer Kjøtt i skole Eks. tema fagmøte: Sauekontrollen</p>	<p>Desember</p> <p>Paring Eks. tema fagmøte: julegaver av våre produktterm skinn, ull, kjøtt Sosiale treff: julebord</p>

Saksframstilling:

- Det vart vedteke å laga eit utkast til årshjul til årsmøtehelga, og utkastet er basert på årshjul laga av Jonny, og i diskusjon m/spørsmål og forslag frå Kristin
- Det vart vedteke at årshjulet skal sendast ut til alle lokallaga, slik at dei som treng det kan nytta det, og at fadderane kan ha noko å gå ut i frå i samtale m/lokallaga dei har

Vedtak

- Kristin arbeidar vidare m/årshjulet etter innspel frå møtet og i etterkant av møtet
- Det vart ikkje sett nokon frist for endeleg utforming før årshjulet vert sendt ut til lokallaga m/kopi til NSG, men Kristin spelar inn forslaga inn til styret via mail eller messenger-gruppa ettersom arbeidet går framover

Sak 39/2024: Eventuelt

- Jonny skal halda eit innspel på produsentmøte hos Fatland. Der er det spesielt 2 spørsmål/saker han vil reisa:
- 1. 1,1 slakta lam pr. vf. søye er lågt. Men noko av årsaka er truleg at sau på teljedato 1/3 vert brukt som utgangspunkt. Fleire av desse dyra vert slakta rett etter 1/3 og får m.a.o. ikkje lam i det heile. Er ikkje slakta lam/sau etter 1/3 trekt frå?
- Slaktegris utnyttar kraftfôret betre enn slaktelam på statistikkane som kjem fram i media, der slaktelammet vert omtala som om dei brukar like mykje kraftfôr som slaktegrisen. Her må det i alle fall brukast same metode i reknestykket. Slaktegrisen vert vist til som om at ikkje purka høyrer med i produksjonen, medan slaktelammet

vert vist til som heile produksjonen ved at søya òg vert rekna med. Dersom vi skal framstilla dette som dei med gris framstiller det, så kjem eit vanleg lam på utmarksbeite veldig mykje betre ut enn slaktegrisen. I praksis så et storparten av slaktelamma under 5 kg kraftfôr kvar

- Det vart vist til at 2 stk. frå Oppland ikkje var påmeldt til årsmøte i NSG. Dette vart avvist da alle utsendingane hadde meldt seg på

Sør-Fron 06/03 2024, Pål Kjørstad, sekretær